



Eva Halstensen
Ievegen 186
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1225 - 18/9675

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

03.05.2018

Retting av avvik mellom grunnbok og matrikkel GBNR 49/28

Som eit ledd i kommunesamanslåinga har kommunane fått ut lister frå kartverket som viser nokre avvik mellom eigedommar som finnast i grunnboka, men ikkje i matrikkelen. Dette avviket kan skuldast ulike ting, men mest sannsynleg at ein ikkje har vore bevisst på at tinglysinga også måtte få melding når eit bnr gjekk ut i eigedomsarkivet/ matrikkelen.

Eit av desse avvika gjeld gbnr 49/28 i Meland. Denne eigedommen er utgått i eigedomskart og matrikkel, men består endå med grunnboksblad. Det er ingen heimeldokument registrert i grunnboka.

Me kjenner til at denne eigedommen vart oppretta frå gbnr 8/15 i Herdla kommune (i dag 49/15 i Meland) ved skylddeling i 1947. Kjøpar var oppgitt å vera Olav Halstensen.

I 1985 vart eigedommane 49/116 og 117 frådelt ved kartforretning, då med Eva Halstensen som rekvirent / søkjar. På protokollen frå forretninga står Eva Halstensen oppført som heimelshavar til 49/15 og 28. Oppmålingsingeniør her meiner å ha forstått at 49/28 låg som ein del av det området som vart frådelt til eigedommen 49/116. Beskrivelsen tyder også på dette, då det står at grensa tek til ved foten av vestre Sørhaugen. M.a. i grensegangsak frå jordskifteretten i 1984 står Sørhaugen også nevnt i grensa mellom 49/15 og 5. I så fall tyder dette at same arealet vore frådelt 2 gongar.

For at me skal kunne be tinglysinga om å melda eigedommen 49/28 utgått også i grunnboka, må kommunen skaffa så god dokumentasjon på kva som har skjedd som råd. Vedlagt ligg den dokumentasjonen me har funne, samt eit kart som skisserer i kva område me ser for oss at denne eigedommen 49/28 kanskje var. Kanskje den var lenger vest også, men det står ikkje at den grensa til andre enn bnr 5 i skyldskiftet.

Kommunen ber om at de som tidlegare heimelshavar til dette bnr 28 hjelper til med å opplysa saka og aller helst sender oss eit samtykke til å be tinglysinga om å setje dette bruksnummeret som utgått.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Med helsing

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

49_28_diverse dokumentasjon

Mottakere:

Eva Halstensen
Jan Mittet

levegen 186
levegen 186

5917
5917

ROSSLAND
ROSSLAND